# Vurdering av innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver

Under følgjer ei kort oppsummering av alle høyringsinnspela. Alle innspel er vurderte for det vidare arbeidet. Det er beskrive korleis kommunedirektøren tilrår at innspela vert tatt til følgje.

Innstilling frå kommunedirektøren er fargemarkert i merknadsfeltet for lettare overblikk:

| Ikkje tatt til følgje (Innspel er vurdert, men ikkje aktuelt med endring i planprogrammet.) | Tatt til orientering (Innspel inneheld relevant informasjon, men medfører ingen endring i planprogrammet.) | Tatt til følgje (Endring eller informasjon av betyding, som vert presentert i saksframstillinga som framlegg til vedtak.) |
|---|---|---|

## Offentlege

| | Tema | Innspel | Merknad/Oppfølging |
|---|---|---|---|
| **1.** | **Bergen Hamn Farvannsforvaltning IKS (jp. 22/67994)**<br>**Lenke:** Uttale vedr - Kommuneplanen sin arealdel - Kunngjøring av planoppstart, høring og offentlig ettersyn av planprogrammet og innspill for planarbeidet i Alver kommune (sing.no) | | |
| | Alminneleg ferdsel til sjøs | Må settast av tilstrekkeleg med areal til alminneleg ferdsel til sjøs. | Tema i interkommunal plan for sjø. |
| | Løyve frå BHF IKS | Minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke tryggleiken eller ferdsel i sjøområdet, krev løyve frå BHF IKS. Søknadsplikten bør tas inn i føresegna. | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| **2.** | **Bergen kommune (jp. 22/73069)**<br>**Lenke:** Høringsuttalelse: Kommuneplanen sin arealdel - Kunngjering av planoppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet og innspelsperiode for planarbeidet (sing.no) | | |
| | Hovudpunkt frå vedtak i Byrådet | Alver kommune sitt arbeid med kommuneplanen sin arealdel er viktig for Bergen som nabokommune. Peiker på følgjande tema: | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | • Planen sitt fokus på samanhengen mellom samfunnsmål og arealbruk er viktig for å utvikle kommune i ønska retning. Naturen, frivilligheit og kulturlivet bør i større grad trekkast fram som viktige verdiar.<br>• Bergen er opptatt av at veksten som det vert planlagt for i Alver ikkje fører til auke i personbiltransport på vegnettet inn mot Bergen. Viser til Byvekstavtalen, nullvekst i personbiltransporten og krav til kommunen sin arealpolitikk.<br>• Bergen er glade for at Alver følgjer opp nullvekstmålet med ein tydeleg senterstruktur som bidrar til å redusere transportbehovet og legger til rette for gange, sykkel og kollektivtransport.<br>• Bergen meiner at planprogrammet med fordel kan ta stilling til ein mogleg målkonflikt mellom ønske om spreidd busetting og utvikling i heile kommunen.<br>• Viser og til fagetatane sine innspel for nærare skildring av tema. | Målkonflikt er kommentert i saksutgreiinga. |
| **3.** | **Direktoratet for mineralforvaltning (jp. 22/73717)**<br>**Lenke:** Fråsegn til varsel om planoppstart og høyring av planprogram til kommuneplanen sin arealdel for Alver kommune (sing.no) | | |
| | Mineralressursar | Viser til fråsegn til Alver kommune sin samfunnsdel. Alver har fleire lokalt viktige førekomstar av grus og pukk, i tillegg til internasjonalt viktige førekomsten Eikefet pukkverk. Arealdelen bør ta stilling til korleis kommunen skal forvalte dei ulike mineralske ressursane. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Klima- og miljøperspektiv | Tilrår at det vert lagt opp til kortast mogleg distansar for transport av byggeråstoff. | Tatt til orientering. |
| | Masseuttak og arealbruk | Alver har fire uttak i drift. Kommunen bør i arealdelen vurdere om kunnskap om kor det blir drevet uttak, samsvarar med faktisk arealbruk. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Konsekvensutgreiing | Kan ikkje sjå i planprogrammet at mineralressursar er lagt inn som tema for konsekvensutgreiinga. Datagrunnlag frå NGU (Grus-, pukk- og steintippdatabasen og Mineralressursar) og DMF må ligge til grunn for utgreiing av arealinnspel. | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i kap. 6.1 Konsekvensutgreiing |
| | Føresegner | Konkrete forslag til utforming av føresegna på tema. | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **4.** | **Forsvarsbygg (jp. 22/65989)**<br>**Lenke:** Uttale fra Forsvarsbygg. Kommuneplanens arealdel - Kunngjøring av planoppstart - høring og offentlig ettersyn av planprogram. Alver kommune. (sing.no) | | |
| | Forsvaret sine interesser | Manger skytebane, Meland skytebane, Seim skytebane, Lakseneset/Skjellanger fort, Marøy, Prestholmen (og i sjø). Desse interessene skal vidareførast med dagens kapasitet og i tråd med eksisterande avtaler. Inkl. tilhøyrande eid grunn og bygningar. | Kunnskapsgrunnlag for planarbeidet. |
| **5.** | **Kystverket (jp. 22/68982)**<br>**Lenke:** Fråsegn til oppstart av kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Interkommunal plan for sjø | Alver kommune har slutta seg til prosessen med interkommunal plan for sjøareala. Kystverket sine interesser i sjø vert spelt inn i det planarbeidet. | Tatt til orientering. |
| | Hamnene | Hamner og hamneterminaler er bindeledd mellom sjø og land. Viktig at hamnene sine høve til å drive sikkert og effektivt ikkje vert utfordra, samt at dei har høve til å utvide verksemda. Andre viktige stikkord som må sikrast i planarbeidet er arealtilgang, tilknyting til overordna infrastruktur og heilsårsdrift. Føreset at planen ikkje legg til rette for tiltak/arealbruk som kan kome i konflikt med effektiv drift av hamna (-ene), ref. t.d. støy. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Navigasjonsinnrettingar | Det må ikkje planleggjast arealbruk som kan kome i konflikt med navigasjonsrettleiinga i farvatnet. | Tema i interkommunal plan for sjø. |
| | Klimatilpassing | Presiserer kor viktig det er at kommunen gjer gode vurderingar knytt til klimaendringar og arealdisponering i planen, irekna konsekvensar for maritim infrastruktur (havnivåstigning, vind-, bølgje-, og straumtilhøve og erosjon gjev auka utfordringar). | Tatt til orientering. |
| | ROS/Konsekvensanalyse | Risiko for tiltak i sjø eller tilgrensande strandlinje skal vurderast i utgreiingsarbeidet. Eventuelle uheldige konsekvensar for tryggleik og ferdsel i hovud- eller bilei er sentralt for Kystverket. | Ein del av arbeidet med interkommunal plan for sjø. |
| **6.** | **Mattilsynet (jp 22/59263)**<br>**Lenke:** Innspel til offentleg ettersyn av planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Nasjonale og regionale interesser | Mattilsynet har i oppgåve å medverke til at arealplanen tar omsyn til nasjonale og regionale interesser innanfor; drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Drikkevatn | Må følgjast opp i planarbeidet, Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, punkt. 2.3. Nasjonale mål for vann og helse (vedteke av Regjeringa 22. mai 2014). Relevante krav i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Pbl.) og Forskrift om vannforsyning og drikkevann (drikkevannsforskriften). Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven).<br><br>Forventar at følgjande punkt blir tekne med i planarbeidet:<br>• Oversikt over drikkevasskjelder<br>• Kartlegging og vurdering av vatn og avløp<br>• Krav til vatn og avlaup knytt til ulike arealføremål | Lagt inn forslag til tillegg i kap. 6.1 Konsekvensutgreiing og vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag |
| | Plantehelse, spreiing av planteskadegjerarar og floghave, samt helse hos akvatiske dyr | Må følgjast opp i planarbeidet; omsyn til plantehelse, spreiing av planteskadegjerarar og floghavre i samband med anleggsarbeid og flytting av massar. Må følgjast opp i planarbeidet; omsyn til helse hos akvatiske dyr og mogleg overføring av smitte. Konkret forslag til utforming av føresegn på temaene. | Tatt til orientering.<br><br>Vert vurdert i planarbeidet. |
| **7.** | **NVE (jp. 22/71431)**<br>**Lenke:** NVE sitt innspel - Varsel om oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel -Høyring av planprogram - Alver kommune (sing.no) | | |
| | Rettleiar | NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområdet i arealplanlegging». Gjer greie for kva som skal til for at NVE sine sektorinteresser skal vere tilstrekkeleg ivaretatt i arealplanar etter plan- og bygningslova. Viser til rettleiar under utvikling; kartbasert rettleiar for kommuneplanar. | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Naturfare | Planarbeidet må vurdere naturfare i både eksisterande byggeområder og nye byggeområder. Tilrår bruk av omsynssoner for alle aktsemdsområde for naturfare. Viser til retningslinje 2/2011 «Flaum- og skredfare i arealplanar». | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i tabell 5 og tillegg i vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Korleis kartlegge potensiell naturfare | Skredfare i bratt terreng; NVE har prosedyreskildring som kan nyttast i ROS-analysen. Flaumfare og erosjon; byggegrense på minst 20 m el. 50-100 m frå bekker (avhengig av storleik på nedslagsfeltet). Viser til rettleiar «Flaumfare i | Tatt til følgje. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | bekker», temakart og aktsemdkart for flaumfare på NVE Atlas. Forslag til føresegn. Kvikkleire; NVE rettleiar 1/2019 s. 19 har prosedyre. | Lagt inn forslag til tillegg i vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Klimaendringar | Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (28.09.2018). Oppmoder om å setje seg inn i desse og nytte arealdelen aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som tek omsyn til eit klima i endring. Viser til faktaark «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen». Viser til klimaprofil for tidlegare Hordaland, og rår til å bruke den kunnskapen i arbeidet. For havnivåstigning sjå DSB sin rettleiar «Havnivåstigning og stormflo». | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Overvatn | Utbygging av naturområde kan auke sannsynet for flaum- og erosjonsskader. Rår til bruk av tretrinns-strategien som verktøy for handtering av nedbør og overvatn, i hovudsak på overflata. Bør vurdere krav til infiltrasjon og dryging av avrenning for det enkelte område. Bør kartlegge flaumvegane i byggeområda, anten som del av kommuneplanarbeidet eller som krav om felles planlegging i eit nedslagsfelt. Viser til rettleiar NVE 4/2022 «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar». Sjå også Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av overvatn. | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Byggegrenser mot vassdrag | Alle vassdrag bør merkast tydeleg i plankartet. Aktuelt føremål «Bruk og vern av sjø og vassdrag». Rår til å innføre byggeforbod i eit bestemt meterbelte langs vassdrag. | Tatt til orientering.<br><br>Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Verna vassdrag | Må legge rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag til grunn i planarbeidet. Alver har Eikefetelvi og Rylandselva som per i dag er verna. | Tatt til orientering.<br><br>Vert teke med i planarbeidet. |
| | Vassdrags- og energianlegg | Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar må de syne med omsynssone i kartet. Gjev og føringar for korleis andre tema må handsamast; mindre kraftleidningsanlegg, reguleringsmagasin m.m. | Tatt til orientering.<br><br>Vert vurdert i planarbeidet. |

| 8. | **Statens vegvesen (jp. 22/71445)**<br>**Lenke:** Uttale til Kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Kunngjering av planoppstart, høyring og offentleg ettersyn av planprogrammet og innspelsperiode for planarbeidet (sing.no) | | |
|---|---|---|---|
| | Overordna føringar | Nullvisjon; Stortinget vedtok i 2002 ein Nullvisjon; visjon om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken.<br><br>Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Viser til kva som følgjer av retningslinja; samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling, berekraftige byar og tettstadar, mål og at veksten i persontransporten i storbyområda skal takast med kollektivtransport, sykkel og gange m.m. Nullvekstmål for personbiltransporten. | Tatt til orientering.<br><br>Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender | Tredelt senterstruktur er eit godt grunnlag for planarbeidet. Peikar på behovet for oppgradering av tilbod til mjuke trafikantar på einskilde strekningar som vurderingspunkt i planarbeidet. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | | Planarbeidet må gjere greie for om nye bustadfelt og nye felt for anna arealbruk er i tråd med Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging og korleis dei byggjer opp om nullvekstmålet for peronbiltransporten. | Tatt til orientering. |
| | | Positivt med dei kvalitetskrav som vert stilt til nye, større bustadområde. Må i planarbeidet konkretisere kva som er meint som «større» bustadområde og sørgje for tilhøyrande rekkefølgjekrav. Små bustadfelt, utan rekkjefølgjekrav til tiltak for mjuke trafikantar vil normalt sett sjåast på som bilbaserte og støttar ikkje opp om nullvekstmålet. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge | Hovudprinsipp for næringsareala gjev eit godt utgangspunkt for å kunne utvikle nye og eksisterande næringsområde. Rår til at ein, på same måte som med kvalitetskrav til større bustadområde, gjer ei vurdering av kva kvalitetskrav som må vere oppfylt for å kunne etablere og vidareutvikle næringsområde.<br><br>Rår til å sjå på vekst i busetnad i eit heilskapleg perspektiv, opp mot planar for framtidig utvikling av næring. | Dette vert ein del av vurderinga knytt til areal for næring. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Alver har eit rikt kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga | Generelt bør ein leggje til rette for endringar i arealbruk som bidreg til auka bruk av gang- og sykkel og kollektivtransport. Ny arealbruk bør ikkje bidra til arealspreiing. | Tatt til orientering. |
| | Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse | Positivt med innfartsparkering, sambruk og tilrettelegging av infrastruktur for nullutsleppskøyretøy. Parkeringsdekning er eit hovudverkemiddel for å redusere trafikkvekst. Viser til utdrag frå byvekstavtalen. | Tatt til orientering. |
| | Utvikling i heile kommunen | Uklart kva Alver meiner med «fleksible løysingar tilpassa områda vi planlegg i», og i kva omfang kommunen ser føre seg at ein i kommuneplanen kan opna for bilbasert utbygging. Stiller seg ikkje utan vidare bak strategien om å leggje til rette for ei bustadbygging som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen. Kommuneplanen sitt tilhøve til intensjonen i Miljøløftet og Byvekstavtalen må synleggjerast på ein tydeleg måte i planen. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | LNF-spreidd bustad | Generelt negativ til bruk av LNF-spreidd bustad. Kjem ofte i konflikt med at det ikkje er mogleg å få på plass gode løysingar for mjuke trafikantar. Der trafikktilhøva er dårlege bør det etter Statens vegvesen ikkje opnast for utviding ava LNF-spreidd føremål. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Arealregnskap | Viser til klar samanheng mellom arealbruksmønsteret og utviklinga i ein kommune sitt transportbehov. I arealregnskapet må Alver vise kor mykje areal som vert avsett til utbygging og gje ei oversikt over endringar i arealbruk over tid. Det må gjerast ein heilskapleg vurdering av den planlagde veksten i Alver opp mot byvekstavtale og kapasiteten på dagens vegnett på E39. | Tatt til orientering. |
| **9.** | **Statnett (jp. 22/60419)**<br>**Lenke:** Høringsuttalelse - Kommuneplanens arealdel med vedlegg 774245_1_1 (sing.no) | | |
| | Elektriske anlegg | Krav til korleis slike anlegg skal teiknast inn i plankartet og tilhøyrande reguleringsføresegn. | Vert vurdert i kart- og føresegnsarbeidet. |
| | Framtidig nettutvikling | Viser til Statnett sine heimesider og informasjon om pågåande planar som ein må ta omsyn til i planarbeidet. | Tatt til orientering. |
| | ROS-analyse | Må ta omsyn til transmisjonsnettet som kritisk infrastruktur i ROS-analysen. | Vert vurdert i ROS-arbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **10.** | **Statsforvalteren i Vestland (jp. 22/73077)**<br>**Lenke:** Uttale til oppstart og planprogram - kommuneplan - arealdel (sing.no) | | |
| | Oppbygging av planprogrammet | Oversiktleg dokument, men uheldig at sentrale føringar er samla i vedlegg. Planprogrammet underkommunisera dei viktige statlege rammene som må ligge til grunn for vurderingane i planarbeidet. | Føringar er vist til i innleiinga til kap. 5 Innspel til arealdelen. |
| | Prosess og framdrift | Alver legg opp til ein intensiv prosess med ganske korte tidsfristar. Ein forhasta prosess kan gå utover kvaliteten på planen, og kan føre til meir konfliktar. Viktig med tett dialog med berørte partar i prosessen. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Parallell høyring og innspelsperiode | Uheldig og uryddig at det er lagt opp til innspel til arealdelen på same tid som planprogrammet er på høyring. Mangel på klare kriteria for arealinnspel, kan gjere handsaming av innspela meir utfordrande og tidkrevjande. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Konsekvensutgreiing | Miljødirektoratet har utvikla nytt rettleiingsmaterial for konsekvensutgreiing av klima- og miljøtema som må nyttast. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til endring i Kap. 6.1. Konsekvensutgreiing. |
| | Biosfæreområde | Viser til overordna internasjonale strategiar for UNESCO biosfæreområder. FNs bærekraftsmål skal ligge til grunn for arbeid i modellområdet og det skal sikrast ei berekraftig areal- og ressursforvaltning. | Tatt til orientering. |
| | Klima | Arealdelen av kommuneplanen må ha ein strategi for korleis arealdelen skal brukast for å nå mål om reduksjon av utslepp av klimagasser, og ei vurdering av i kva grad enkeltområda og kommuneplanen som heilskap bidrar i arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp. Viktige område er bustad-, areal- og transportplanlegging og omdisponering av karbonrikt areal. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Bustad- areal og transportplanlegging | Minne om at veksten (80%), hovudsakleg skal skje i Knarvik. Meiner at nullvekstmålet må inn som eit kriterie i kap. 5.3. Vurdering av byggeområder, og at det bør kome klart fram i kap. 6 at det skal vurderast i konsekvensutgreiinga. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | | Forventar at kommunen vurdere om bustadområde er i samsvar med nullvekstmålet, og tar ut bilbaserte bustadområde. | Tatt til orientering. |
| | | Idrettsanlegg kan med fordel liggje i sentrum, då det vil vere ein fordel med god kollektiv og kort veg til idrettsanlegg. | Tatt til orientering. |
| | | Kjem ikkje klart fram om kommunen har tenkt å sikre langsiktige grenser mot LNF-område, i arbeidet med senterutstrekning. Tilrår at kommunen gjer dette. | Skal i planen fastsette lokal vekstsone og sentrumsavgrensing for |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | sentera. I tillegg oppdaterast kjerneområde landbruk. |
| | LNF-spreidd bustad | Viser til rettleiar for «Planlegging for spreidd bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, frilufts- og reindriftsområder (LNFR-områder). Aktuelle for å vurdere kva områder som kan vere aktuelle for LNF-spreidd bustad. Gjer merksam på at spreidd busetnad kan vere uheldig for folkehelsa, auke kostnadene for kommunen (eldreomsorg, skuleskyss og anna infrastruktur) og kan vere i strid med «Statlege planretningslinjer for bustad, areal og transportplanlegging. | Tatt til orientering.<br><br>Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Folkehelse | Folkehelselova – skal gjerast ei vurdering av konsekvensar for folkehelsa i all planlegging. | Tatt til orientering. |
| | Barn og unge sine interesser | Vektlegging av barn og unge sine oppvekstmiljø ved utbygging av større bustadområder i Alver er bra. Gjer merksam på at dette og må leggjast vekt på i vurderingane ved mindre bustadfelt og i LNF-spreidd bustad område også. Vurderingar kring trygg ferdsel langs veg, nærleik til skule, barnehagar, leike- og uteopphaldsareal, tilgang til areal for fritidsmoglegheiter, friluftsliv og fysisk aktivitet vil vere viktig i alle bustadområde. Krav om fullverdig erstatningsareal ved omdisponering av uregulert areal som er i bruk til eller er eigna til leik. | Tatt til orientering.<br><br>Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Medverknad | Vurdere at kommunen har eit godt opplegg for medverknad, men vil presisere at barn og unge må få moglegheit til å få fram sine synspunkt m.m. Rår til val av ungdomsråd og eit råd for menneske med nedsett funksjonsevne. | Alver kommune har ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Desse er kopla på planarbeidet. |
| | Universell utforming | Bør konkretiserast i planprogrammet korleis universell utforming skal følgjast opp i arealdelen til kommuneplanen, og at dette blir drøfta i høve t.d. barn og unge sitt oppvekstmiljø, planlegging for eit aldersvennleg samfunn, folkehelse og eit inkluderande samfunn. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Friluftsliv | Planprogrammet har gode føringar på tema, legg til grunn at det vert følgt opp i det vidare arbeidet. | Tatt til orientering. |
| | Strandsone | Planprogrammet er uklart på føringar i strandsona og korleis ein i kommuneplanen skal vurdere tiltak i strandsona. Strandsona bør vere eit punkt i | Tatt til følgje. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | kap. 5.3. Vurdering av byggeområder, anten som eit eiga punkt eller under punkt om «konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvaliteter». | Lagt inn forslag til tillegg i Kap. 5.3. |
| | | Konsekvensutgreiing; bra med eiga punkt, men bør også vise til SPR for strandsona og til pbl § 1-8 under «kjelder». Strandsona må og vurderast i samla vurdering i konsekvensutgreiinga. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til endring i Kap. 6.1. Konsekvensutgreiing. |
| | Landbruk og utvikling | All røynsle viser at Alver kommune er særs flinke til å høyre og ta omsyn til landbruksinteresser, og tek ansvar for jordvernet. Vil vere naudsynt å systematisere arbeidet med jordvernet i større grad enn tidlegare. Positivt med arealregnskap i planprosessen, for å vege innspel og alternativ. Viser til rettleiar «Arealplanlegging på jærsk frå Rogaland fylkeskommune. | Tatt til orientering. |
| | Innspel til planarbeidet | Positivt med forventningsjusteringa som ligg i formuleringa «eit råd, ein ide eller eit ynskje, og… eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen, som vil bli «vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn». | Tatt til orientering. |
| | Tilbakeføring av areal til LNF | Vil setje pris på at slike endringar vert kvantifisert i det endelege planframlegget, og vurdert i høve nasjonalt jordvernmål og arealreserve av dyrka jord i kommuneplanen totalt sett. Viktig at kommuneplanen ikkje held seg med større arealreserve enn det prognosane viser at det er behov for. | Tatt til orientering. |
| | Spreidd bustadbygging | Forståing for fokus på spreidd bustadbygging, men ser gjerne at kommunen vel tiltaksområde og alternativ som unngår bygging på jordbruksareal. Føremon med mest mogleg eksakt plassering av tomter. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Hus nr. 2 eller 3 på garden | Minne om føresetnaden for bustad nr. 2 på garden er om det er naudsynt med kårbustad av omsyn til drifta eller produksjonen, primært i samband med generasjonsskifte. Kommunen ønskjer og å legge til rette for å skilje frå hus frå garden. Slike hus kan omsettast på den frie marknaden, og kan føre til konfliktar som vanskeleggjer landbruksdrifta. Tema har ein avgrensa verdi i ein kommuneplan. | Tatt til orientering. |
| | Senterutvikling | Halvparten av den nasjonal omdisponeringa av jordbruksareal skjer nær og i sentra. Viktig med klar forståing av skiljet mellom fortetting og faktisk utviding av senter-. bustad- og næringsareal. Viktig med arealeffektiv utvikling og at inneklemt jordbruksareal kan ha høg verdi som areal til lokal produksjon (t.d. parsellhager), viktige for naturmangfald, drenering og rekreasjon. | Vert vurdert i planarbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | LNF-spreidd næring og ny bruk under gamle tak | Positive til at dette er tema i planprogrammet. | Tatt til orientering. |
| | Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse | Viktig at ROS analysen vert utarbeidd på eit så tidleg stadium av planprosessen at den blir eit reelt og nyttig avgjerdsstøtteverktøy for kommunens styring av den framtidige arealbruken. På kommuneplannivå er kravet at kartlegging skal gjerast på aktsemdsnivå. Unntaket er dersom det skal byggjast ut direkte på bakgrunn av KPA, t.d. LNF-spreidd. I desse tilfella må ROS-analysen i KPA og vere på faresonenivå. Uroleg for at planprogrammet sin omtale av innhaldet i ROS-analysen er for tynn. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | | Minne om at Alver kommune har eit vesentleg innslag av verksemder med høgt risikopotensiale, noko som må speglast i arbeidet med ROS-analysen. | Vert vurdert i ROS-arbeidet. |
| | Naturmangfald | Tilrår til å sikre viktige naturmangfaldsverdiar i plankartet i form av at viktige naturmangfaldsverdiar sikrast med t.d. «grøne» føremål, omsynssoner og tilhøyrande føresegn. Føreset at det blir gjennomført ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldslova og at vurderinga av arealdelen sine verknader er tilstrekkeleg utgreiia og går fram av det endelege planvedtaket. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane | Verknad av kommuneplanen kan ikkje vere i strid med «forskrift av vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde». | Tatt til orientering. |
| | Vassdragsforvaltning | Alver kommune har to verna vassdrag; Rylandsvassdraget og Eikefetvassdraget. Føreset at «Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag» blir lagt til grunn i arbeidet med arealdelen. | Tatt til orientering. |
| | Vassressursar | Føreset at verknaden for nasjonalt fastsette miljømål for vassressursane blir gjort greie for i konsekvensutgreiinga. Viser til Miljødirektoratet sin rettleiar om vassmiljø i arealplanlegginga; Vannmiljø-Miljødirektoratet. Omtaler vidare om konkrete føresegn knytt til breidde for kantvegetasjon og byggjegrense langs vassdrag. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag.<br>Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| | | Arealforvaltninga rundt Mjåtveitelva, med kritisk trua elvemusling bør vere eit tema i kommuneplanen. | Vert vurdert i planarbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | Vernesone for kantvegetasjon på 15 m på begge sider av vassdraget må vidareførast. Kommunen bør og vurdere ei vernesone for andre vassdrag i Alver kommune. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | | Manglar i nasjonale føringar i vedlegg 2; Vassressurslova og Lakse- og innlandsfiskelova. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Forureining | Viser til retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012). Kommunen må vurdere behov for luftsonekart som temakart. Viser til Miljødirektoratet sin rettleiar «Luftkvalitet i arealplanlegging». | Tatt til orientering. |
| | | Viser til database «Grunnforurensning». Fleire område med «forureina grunn» i Alver kommune. Ved eventuelle endringar i arealbruk må tema omtalast i konsekvensutgreiinga. Viser til rettleiar frå Miljødirektoratet «Bygging på nedlagte deponier: Veleldning om regelverk og kva som bør vektlegges ved bygging på, og i randsonen til, nedlagte deponier». | Tatt til orientering. |
| | Støy | Viser til retningslinje T-1442/2021. Kan ikkje sjå av støy er tema i planprogrammet. Støy må vere eit tema i konsekvensutgreiinga. I tillegg til at støysoner skal vere synleggjort i kommuneplanen (plankart og føresegner). Viser til føring i T-1442/2021. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til endring i Kap. 6.1. Konsekvensutgreiing.<br>Vert vurdert i arealplankartarbeidet. |
| | Massar | Massehandtering bør vere eit tema i kommuneplanen. Følgjande av massehandtering må vere ein del av vurderingane i konsekvensutgreiinga. Bra at kommunen ønskjer forslag til areal for mottak av massar for forbetring av landbruksjord. Bør og vurderast om det er behov for areal for mellomlager/ressursbankar og deponi. | Tatt til orientering. |
| **11.** | **Vestland fylkeskommune (jp. 22/73243)**<br>**Lenke:** Fråsegn til offentleg ettersyn av planprogrammet til kommuneplanens arealdel - Alver kommune.pdf (sing.no) | | |
| | Oppbygging planprogrammet | Planprogrammet er strukturert og tydeleg. Prosess og innhald er godt forankra og viser god kopling til samfunnsdelen. | Tatt til orientering. |
| | Folkehelse | Jamfør folkehelselova skal kommunen ha ei folkehelseoversikt som skal ligge til grunn for planarbeidet. Viktig å vurdere bustadbehov og korleis arealdelen skal legge til rette for gode bustader og bu-miljø. Bør og kartlegge det bustadsosiale | Alver kommune har ei folkehelseoversikt. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | behovet i kommunen, og legge føringar for korleis kommunen skal tilby gode bustader og bu-miljø for individ/familiar med spesielle bustadbehov. | |
| | Medverknad | Omtale av medverknad er veldig bra. | Tatt til orientering. |
| | Universell utforming | Universell utforming er lagt inn som kvalitetskrav ved utbygging av nye, større bustadområde i Alver kommune. I tillegg bør ein vurdere universell utforming knytt til sentrumsutvikling, friluftsområde og mobilitet. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Barn og unge sine interesser | Viser til Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Positivt at folkehelse og oppvektsvilkår er i lista over tema som skal handsamast i konsekvensutgreiinga. Vil vere meir føremålsteneleg å leggje kommunen sitt oversiktsarbeidet (for eksempel folkehelseoversikt og løpande oversikt) til grunn i arbeidet. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til endring i Kap. 6.1. Konsekvensutgreiing. |
| | Klima og energi | I status for gjeldande område- og reguleringsplanar ber vi kommunen om å inkludere om omsynet til eit klima i endring fører til at ein bør oppheve eller revidere gjeldande planar, jf. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Naturmangfald | Føremålsteneleg å inkludere ei kartlegging av viktige økosystem som ein del av naturmangfaldkartlegging (areal med regulerande klimaeffekt og viktig for biologisk mangfald). | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Klimatilpassing | Oppmoding om å sjå på kva prinsipp for klimatilpassing som bør ligge til grunn for reguleringsplanar (t.d. føresegn på overvatn, bevaring av karbonrike areal). I tillegg premiss for reduksjon av klimagassutslepp (t.d. føresegn del av p-plassar med ladeinfrastruktur eller krav til energi- og materialbruk). | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| | Landbruk og jordvern | Saknar omtale av kva det betyr for jordvernet at delar av Alver kommune er innlemma i Nordhordland biosfæreområde. T.d. i Östra Vätterbranterna biosfæreområde i Sverige, har kommunar lagt ned forbod mot å byggje ned meir landbruksareal innanfor biosfæreområdet. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Hus nr. 2 og 3 | Uheldig å opne for dette som ein generell praksis. | Tatt til orientering. |
| | LNF-spreidd næring | Positivt med dette som tema. Merk at føremål parsellhagar, tretopphytter og småskala næringsutvikling m.m. kan bli eit bilbasert konsept som må utgreiiast og planleggast godt. Kommunen må vurdere behov for å stille plankrav. | Tatt til orientering.<br><br>Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Mottak av massar | Viktig også å vurdere relevante områder for deponi. Meiner kommunen må tydleg skilje på kva tiltak som er forbetring av jordbruksareal og kva som er | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | definert som deponi etter plan- og bygningslova. Viser til behov for å vurdere tilkomstveg, avkøyrsle, skuleveg m.m. Viser til pågåande arbeid med temaplan landbruk for Vestland. | |
| | Naturmangfald | Arealbruk er den største trusselen mot naturmangfald, og langsiktig vern og forvaltning av LNF-område bør difor sjåast som eit viktig bidrag i arbeidet med å hindre tap av naturtypar og artar. | Tatt til orientering. |
| | Friluftsliv | Viser til Fylkesatlas.no for oversikt over nasjonalt og regionalt viktige friluftsområde i Alver kommune. Arealdelen bør syte for at område med verdi for friluftsliv vert teke i vare for framtida (t.d. gjennom langsiktig skilje mellom naturområde og utbygging) og sikre nær-friluftsliv og samanhengane grøne korridorar og turvegar. | Skal i planen fastsette lokal vekstsone og sentrumsavgrensing og revidere kartlegging av regionalt viktige friluftsområder. I tillegg oppdaterast kjerneområde landbruk. |
| | Samordna areal- og transportplanlegging | Peikar på Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (RATP) med retningslinjer for arealbruk som særleg relevant for planarbeidet. Tilrår fortettingsanalyser for nærings- og sentrumsområda. | Tatt til orientering. |
| | | Planprogrammet tar i stor del opp i seg prinsippa for samordna areal- og transportplanlegging, men har nokre merknader. Bustader og bumiljø: krav til større bustadområde må og stillast som krav ved fortetting i eksisterande bustadområde og ved utbygging av bustader i bygder og grender. Bør synleggjere potensiale for fortetting av eksisterande bustadområde. | Tatt til orientering. |
| | | Godt plangrep å definere senterområda, og føreset at Alver legg til rette for størst bustadvekst i dei definerte sentra, og at eit arealregnskap synleggjer dette. Tilrår prinsipp for t.d. bustadtypologi og parkeringsdekning som differensierer krav til volum og dekningsgrad. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | LNF-spreidd bustad | Meiner det må nyttast i avgrensa omfang, og at det må leggast til grunn strenge kvalitetskrav før ein opnar for nye områder. Døme på krav; trygg skuleveg, fortau, kollektivdekning og avstand frå kollektivhaldeplass. | Tatt til orientering.<br><br>Er kommentert i saksutgreiinga. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Frådelte tomter i LNF | Uheldig plangrep å opne for å bygge på tidlegare frådelte tomter i LNF. Skal ein opne for slik praksis på det vere tydelege retningslinjer og føresegner som stiller relevante krav før utbygging kan skje. | Tatt til orientering. |
| | Samferdsel | Bustadetablering i sentrumsnære områder vil redusere behovet for transport til/frå sentrum. Ved vurdering av LNF-spreidd busetnad er det viktig å legge til rette for trygge trafikale løysingar for avkøyrsler (bør nytte eksisterande tilkomstar, avgrense tal på avkøyrsler. Viser til Statens vegvesen sin Rammeplan for avkøyrsler og byggegrenser på riks- og fylkesveg i region vest (2017-2020). Aktuelle i føresegnsarbeid på tema. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Nullvekstmålet | Saknar omtale av nullvekstmålet og Alver kommune sine forpliktingar som part i Miljøløftet. Ressurskrevjande å etablere godt kollektivtilbod og trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar når busettingsmønsteret er spreidd. Alver kommune bør vere varsam med å opne for spreidd busetting. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Senter- og tettstadutvikling | Forståeleg at arealprioritering kan vere krevjande, men rår til å i størst mogleg grad legge til rette for utvikling nær eksisterande sentra og infrastruktur. Konkret om føringar for lokalisering av bustadområde innanfor gangavstand til sentrum, eller innanfor område som allereie er utbygd. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Senterstruktur | Alver kommune har gjort grundig og godt arbeid med senterstruktur. Positivt at det skal fastsettast sentrumsavgrensning. | Tatt til orientering. |
| | Stadssanalyse | Rår til retningslinjer eller krav i KPA om innleiiande stadsanalyse av planområdet og tilliggjande areal (for detaljplanar/tiltak). | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Strandsone | Viser til rettleiar Strandsonerettleiar for Vestland. Nyttig kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Funksjonell strandsoneanalyse er eit positiv og viktig tiltak. | Tatt til følgje.<br>Lagt inn forslag til tillegg i Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Vassforvaltning | Viser til Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027. Merk særleg kap. 1.1.3 Retningsliner for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta. Vassdatabasen vann-nett er nyttig verktøy for info om miljøtilstand m.m. Planen bør fastsette omsynssoner for sårbare vassførekomstar m.m. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Næring | Godt hovudprinsipp om å vidareutvikle og fortette eksisterande næringsområde framfor å etablere nye næringsområdet på ubygd areal. Fylkeskommunen ønskjer ikkje ny arealintensiv næring langs hovudvegnettet, grunna nedbygging | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | av transportfunksjonen på vegnettet. Nye næringsområde må planleggast i samråd med vegmynde. | |
| | Grøn omstilling/grøn vekst | Alver jobbar godt med tema. Positivt med samarbeid på tvers av kommunegrenser, t.d. interkommunal plan for sjøareal. | Tatt til orientering. |
| | Reiseliv | Mykje potensiale for reiseliv i regionen. Til orientering vert det jobba med temaplan for reiseliv i Vestland hausten 2022. | Tatt til orientering. |
| | Sjøareal og akvakultur | Viktig at arealdelen vert nytta til å avklare langsiktig arealbruk også i sjø. Bruk av sjøareala vil få konsekvensar for bruk av tilgrensande landområde. Positivt med krav som er fastsett til naustområde og småbåthamner i planprogrammet. | Tatt til orientering. |
| | Kulturmiljøplan | Kommunen må prioritera arbeidet med ny kulturmiljøplan og ber om at ein prioriterer å bruke tilstrekkeleg med resursar til arbeidet. Understrekar at kulturmiljøplan bør ferdigstillast før kommuneplanen. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Kulturminne og kulturmiljø | Tema kulturminne og kulturmiljø bør kome tydelegare fram i planprogrammet. t.d. i kap. «Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender». Må nytte omsynssoner og ha fokus på gode føresegner og retningslinjer for kulturminne/kulturmiljø. Ber om at kulturminneinteresser vert omtale, verneverdiane vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. T.d. St.meld. 16 *Nye mål i kulturmiljøpolitikken-Engasjement, bærekraft og mangfold*. Statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing presiserer at kulturmiljøforvaltning, på alle nivå, må skaffe ei oversikt over særleg klimautsette kulturminne og kulturmiljø. Viser til *Riksantikvaren sine anbefalingar for by- og stedsutvikling.* Viser til Alver kommune og viktige kulturlandskap/kulturminne. T.d. kulturmiljøverdiar/landskap av nasjonal og regional interesse; Den Indre Farleia, kulturminne knytt til nyare industri, offentlege helseinstitusjonar m.m. | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i vedlegg 2: føringar og kunnskapsgrunnlag.<br><br>Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| **12.** | **Bergen Sjøfartsmuseum (jp. 22/73243 – vedlegg til uttale frå Vestland fylkeskommune)**<br>**Lenke :** Innspel til kommuneplanens sin arealdel (sing.no) | | |
| | Omdisponering sjøareal | Oppmoding om at planlagde områdedisponeringar, som omfattar sjøareal har ein klausul i kommuneplan om at dei skal utgreiiast med regulerings- eller byggeplan, og på den måten vert lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen. | Tatt til orientering. |
| | Føresegn | Oppmoding om føresegna har eit påbud om at alle enkelttiltak i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen. | Tatt til orientering. |

# Lag og organisasjonar

| | Tema | Om innspelet | Merknad/oppfølging |
|---|---|---|---|
| **1.** | **Alver kulturråd (jp.22/71111 og 22/69957)**<br>**Lenke :** Innspel til arealplan i Alver kommune (sing.no) | | |
| | Samarbeidsavtale mellom Alver kulturråd og Alver kommune | Hovudpunkt i avtala beskriver fellesmål om kultur, scene, musikk, kunst og friluftsliv for alle i Alver. Konkret innspel til nytt kulturhus. | Tatt til orientering. |
| **2.** | **Alver kyrkjelege fellesråd (jp. 22/76023)**<br>**Lenke:** Høyring planprogram for arealdelen i kommuneplanen (sing.no) | | |
| | Gravplassar | Har vurdert noverande og framtidig kapasitet for gravplassane i kommunen. Dokumentet gjev førebels oversikt på kor det er behov for utviding av areal. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Kyrkjer | Behov for areal til framtidige lokal arbeidskyrkjer. T.d. Lindås og Frekhaug. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| **3.** | **Alver Senterparti (jp. 22/69371)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel i Alver kommune (sing.no) | | |
| | Meir areal avsett til LNF-spreidd bustad i heile kommunen | I tråd med samfunnsplanen må spreidd bustadbygging på plass i alle kommunens bygder. Det må bli stilt krav til omsyn av dyrka mark og samanhengande LNF-områda og setjast krav til gang- og sykkelvegar før utbygging. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Moglegheit for arealformål naustområde i eksisterande naustområde | Det må vera mogeleg med arealformål naustområde (Andre typar bygningar og anlegg) i eksisterande naustområde/bebygd strandområde i Alver kommune slik at dei kan fortettast på ein konfliktfri måte. | Vert vurdert i planarbeidet. |
| | Vindkraft utbygging i Alver | Det skal ikkje byggjast vindkraft i kommunens fjell, strand, skog, sjø eller naturområda. Det skal heller ikkje byggjast vindkraft i kommunens LNF-områda, og dette må kome frem av plankart og føresegn. | Tatt til orientering. |
| | Arealformål motorveg Knarvik E39– Osterfjorden | Nye firefelts motorvegar frå Knarvik og nordover på E39 vil øydeleggja mange landbruksområde, friluftsområde og mange bygdesamfunn. Kommuneplanen sin arealdel må ta dette inn over seg og endra arealplanane på desse stadane til LNF-område. | Tatt til orientering. |
| | LNF-spreidd fritidsbustad | Arealdel må seia nei til fleire hyttefelt i urørt natur, men fortetting i eksisterande felt kan godtakast om omsyn til miljøverdiar vert teken. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Klima og energiomsyn | Viktige klima og energiomsyn må takast i alle utbyggingar. Det gjeld og klimatilpassing som omsyn/føre var prinsippet for aukande fare for naturskadar og havnivåstigninga framover. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Aktiv forvaltning av mottak jord og torvmassar | Det må setjast av areal med formål deponi for jord og torv på landbruksområde. | Er tema i planarbeidet. |
| | Akvakultur | Nye akvakulturanlegg må etablerast minst 1 km frå fast busetnad. | Tema i interkommunal plan for sjø. |
| | Konkrete innspel til planarbeidet; plankart og føresegner | Konkrete innspel til planarbeidet på følgjande tema:<br>• Gang- og sykkelveg<br>• Turisme; areal til bubiltømming og ferskvatn til bubil/campingvognar<br>• Kultur og møteplassar<br>• Skjerma bustadar og sosial bustadbygging<br>• Fritak frå krav om reguleringsplan<br>• Strandsone og byggegrense mot sjø for eksisterande bustadtomter<br>• Bustad<br>• Parkeringsbehov og turvegar<br>Konkrete innspel på arealbruk og føresegner vert handsama som ein del av sjølve planarbeidet. | Er med i vurderinga av innkomne innspel. |
| **4.** | **Bergen og Omland Friluftsråd (jp. 22/72394)**<br>**Lenke:** BOF - Høyringsinnspel - Planprogram for arealdelen i kommuneplanen i Alver kommune (sing.no) | | |
| | Friluftsområder | BOF ber kommunen vurdere eigna lokalitetar for å regulere areal til; utsetjingsrampe for småbåtar, padling, tilhøyrande parkeringsplassar for allmenn friluftsliv og bubil-fasilitetar. | Er tema i planarbeidet. |
| | Føresegner | I alle friområde forvalta av BOF bør det vere anledning til å bygge standard bygg for friluftsliv. Korleis kan ein få det til i føresegna? Viser til døme på bygg/installasjonar. | Tatt til orientering. |
| **5.** | **Fiskarlaget Vest (jp. 22/71438)**<br>**Lenke:** Alver - oppstart kommuneplanen sin arealdel og høyring av planprogram – uttale (sing.no) | | |
| | Fiskeriinteresser | Fiskerinæringa må bli ivareteken gjennom kommunens arealdel, samfunnsdel og samfunnsutviklinga generelt. Fiskerinæringa treng forutsigbarheit og at tilhøva blir lagt til rette for verksemda på land og til sjøs/havs. Fiskerinæringa treng skilje mellom areal avset til flytebrygger, kai og naust til bruk i yrkesfiske og det som bler brukt til fritidsføremål. For mykje utbygging i strandsona eller i | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | nærleik til fiskeriaktivitet kan ofte føre til interessekonfliktar, der yrkesfiskarane må vike. Saman med utbygging av fritidsbustadar i strandsona, aukar òg sjøtrafikken i området. Auka trafikk på sjøen vil kunne forstyrreinnsig av fisk på naturlege plassar og utøvinga av yrkesfiske. | |
| | Sjøvern | Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst og havmiljømest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. | Tatt til orientering. |
| **6.** | **Fortidsminneforeningen, Hordaland avdeling (jp. 22/71145)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Verneverdige bygningar | Kommuneplanen har fleire verneverdige bygningar, mellom anna Lindåstunet tuberkulosesanatorium. Tilrår at Lindåstunet, samt andre eldre og verneverdige bygningar i området, sikrast for bevaring i planarbeidet. | Er tema i planarbeidet. |
| **7.** | **Forum for natur og friluftsliv (FNF Hordaland) (jp. 22/71187)**<br>**Lenke:** Innspill til kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Kap.1. Innleiing - visjon | Framtidsvisjonen «Vi vil utvikle heile kommunen». Formuleringa kan av enkelte oppfattast som at alle kommunen sine areal skal utviklast. Meiner det er ein uheldig formulering som kan skape forventingar om ein «tøylesløs» arealpolitikk. Forslag til nye formulering «Vi vil at kommunens egenart skal tas godt vare på». | Ikkje tatt til følgje.<br><br>Visjonen er fastsatt i samfunnsdelen til kommuneplanen. |
| | Kap.1. Innleiing - visjon | Ideelt sett bør ikkje biosfæresatsinga blandast saman med formuleringa om næringssatsingar. Bør heller utforme ein visjon om biosfæresatsing og ein visjon om vekst og utvikling innan grøn energi. | Tatt til orientering. |
| | Kap. 4 Hovudtema | Positivt med formulering om at kommunen skal legge til rette for størst bustadvekst i dei syv definerte sentera, men burde og vore med ein formulering om forskjellane i utbygging mellom dei tre ulike kategoriane av senter. Utifrå eit klima- og transportperspektiv er det gjerne meir hensiktsmessig at den største delen av framtidig utbygging skjer i regionsenteret Knarvik. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Fortetting | Saknar omgrepet fortetting i planprogrammet. | Tatt til orientering. |
| | Kap. 5 | Bekymra for oppfordringa om innspel til «Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leilegheiter og einebustader) i senter, bygder og grender» vil gå på bekostning av landbruk-, natur- og friluftsområde. Kan bidra til ein bit for bit nedbygging av natur- og jordbruksareal. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Friluftsliv og strandsone | Vidare arbeid med kartlegging av friluftsområda i kommunen må vektleggast vidare i KPA. | Er tema i planarbeidet. |
| | Naturmangfald og arealreservar | Tilbakeføring av areal i planprogrammet. Særleg viktig med områda med sårbare verdiar og har trua naturmangfald, og/eller som er særleg artsrike. Forslag føresegn for areal for myr ikkje skal byggast ned eller øydeleggjast. Kommunen bør gå i gang med ein KDP for naturmangfald med midling frå Miljødirektoratet | Tatt til orientering. |
| | Vassforvaltning og vassmiljø | Behov for å auke innsats rundt vassforvaltning og at det kjem fram i planprogrammet. Kommunen legg på 314. plass av 356 kommunar i landet, ikkje godt nok. | Tatt til orientering. |
| | Næringsareal | Næring og industri må i størst grad bli lagt til allereie etablerte næringsområda. | Tatt til orientering. |
| | Fritidsbustad | Meiner kommunen må stramme inn på bygginga av fritidsbustader gjennom planarbeidet, og at det må kome fram i planprogrammet. | Tatt til orientering. |
| | Vindkraft | Det må ikkje leggast til rette for vindkraft i naturområder og det må komme tydeleg frem av planprogrammet. | Tatt til orientering |
| | Arealregnskap og berekraftig arealbruk | Saknar målsetting om at kommunen på sikt ønskjer å bli arealnøytral.<br>Ønskjer at rapporten Arealreserver i Alver blir nytta til å tilbakeføre områda til LNF. | Tatt til orientering. |
| **8.** | **Litlebergen Båtforening (jp. 22/70971)**<br>**Lenke:** Litlebergen Båtforeining.pdf (sing.no) | | |
| | Innspel planprogram | Kap. 5.1 må endrast slik at det vert opna for å gje innspel i heile Alver kommune. Særs beklageleg at det ikkje er opna opp for å gje innspel i områder som er tettast folkesette.<br><br>Forslag til føresegn strandsoneforvaltning og arealinnspel. | Er kommentert i saksutgreiinga. |
| **9.** | **Lygra grunneigarlag (22/71012)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel.pdf (sing.no) | | |
| | Prosess | Kommuneplanen legg premissar for sakshandsaming av enkeltsaker. Viktig at kommunen legg mykje godt arbeid i planarbeidet og torer utfordra både seg sjølv og andre mynde i prosessen. | Tatt til orientering. |
| | Bygdeutvikling | Trong for å styrke busetjinga i aksen mellom Seim og Lygra/Feste gjennom bruk av LNF-spreidd bustad. Det må vere slutt på at kommunen, og i særleg grad | Er kommentert i saksutgreiinga. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | statsforvalter/fylkeskommune, setter kjepper i hjula for unge folk som vil busetje seg i området. | |
| | Tidsbruk sakshandsaming | Tidsbruk til offentleg sektor er uhaldbar. Prosessar og sakshandsaming må komprimerast i alle offentlege organ. | Tatt til orientering. |
| **10** | **Mjåtveitmarka Velforening (jp. 22/69384)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen arealdel (sing.no) | | |
| | Tursti, grøne turar | Turstiar i området må bli ivareteken og styrka i tråd med prosjektert skissert befolkningsvekst i kommande arealplan. | Er tema i planarbeidet. |
| | Trafikktryggleik | Veg i området er kraftig belasta, og arealplanen må ha sterkt fokus på sikring av mjuke trafikkantar | Tatt til orientering. |
| **11** | **Naturvernforbundet Nordhordland (jp. 22/70583 og 22/71327 – endra tilleggsmerknad)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (sing.no)<br>Tilleggsmerknader til KPA Alver - Gudmundsholmen inkl. Dalemarka/Holmemarka (sing.no) | | |
| | Vindkraft | Planprogram må følgje opp tidlegare vedtak i politisk sak om vindkraft i Fjonfjella/Masfjordfjella. | Tatt til orientering. |
| | Nasjonalpark Masfjordfjella | Forventar at plankart og føresegna synleggjer at det ikkje vert opna for tekniske inngrep i nasjonalparkområde, sjølv om ikkje det skulle bli nasjonalpark. | Tatt til orientering. |
| | Strandsona | Funksjonell strandsone må analyserast og kartleggast før arealdel blir sendt på høyring. | Er tema i planarbeidet. |
| | Naturmangfald | Skal vi stanse tapet av naturmangfald må Noreg bli arealnøytralt. Meiner at Alver kommune må spesifisere at det skal lagast arealbudsjett og arealregnskap slik at disponeringa av areal skjer det kor det gjer minst skade på naturen. Målet må vere at nye utbyggingar skjer kun i allereie bebygde områder. Positivt at planen legg opp til å tilbakeføre urealiserte areal til LNF (Midtmarka og Rotemyra må kome høgt på denne lista). | Tatt til orientering. |
| | Kystlynghei | Rapport om handlingsplan kystlynghei må bli benytta i planarbeidet. | Tatt til følgje.<br><br>Lagt inn forslag til tillegg i vedlegg 2 føringar og kunnskapsgrunnlag. |
| | Kystfuruskog | Kartlegging av kystfuruskog må synleggjerast og takast med i arealplanen. To konkrete områder som bør undersøkast nærare (Baståsen og Gjerdfjellet). Viser i tillegg til raudlista naturtypar for området Gripakletten og områder i Radøy. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Myr | Vil at kommunen innfører forbod mot drenering av fungerande myrer og at ingen utbygging vert lagt til områder med myr. | Tatt til orientering. |
| | E39 | Det trengs ikkje ny E39 gjennom kommunen. | Tatt til orientering. |
| | Arealnøytralitet | Vurdera arealregnskap som verktøy. | Tatt til orientering. |
| **12** | **Kvernbit Kajakk ved Audun Håland (22/71173)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Friluft og aktivitetstilbod | Styrke tilbod for akva-aktivitet i kommunen. Etterlysa fasilitetar som veg og parkering. | Tatt til orientering. |
| | Tilkomst sjøareal | Etterlyser betre tilkomst til kommunens sjøareal i størst grad universelt utforma. | Tatt til orientering. |
| **13** | **Nordhordland sykkelklubb (22/71143)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Idrett/aktivitetstilbod | Utvikling av sykkelsport i Alver og treng avsett areal til idrett/aktivitet i Knarvik og andre stadar i kommunen (Frekhaug, Alversund, Lindås, Manger, Bøvågen, Ostereidet/Eikanger, Rossland m.fl.). Pådrivar for å tilretteleggjar område for terrengsykling. | Tatt til orientering. |
| **14** | **Risnes krins grunneigarlag (jp. 22/55664)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen (sing.no) | | |
| | Innspel | Detaljert innspel på mange tema knytt til utvikling av krinsen. Risneskrinsen har stor trong for auka aktivitet. Ønskjer møte i prosessen for å diskutere kva som vil gagne krinsen best, dersom ikkje alle innspela kjem med i denne omgangen. | Tatt til orientering. |
| | Bustadproblematikk | Bør arbeide for fortetting av dei områda der det alt finst nokre hus på frådelt tomt. Aller helst kunne heile krinsen verte lagt ut til fortetting. Viktig med føresegner som opnar for vedlikehald og modernisering. | Tatt til orientering. |
| | Fritidsbustadar | Ikkje noko stort ønskje om fleire fritidsbustader, kun fortetting av eit eksisterande felt. Viktigare å tiltrekke seg folk som vil bu fast i krinsen. | Tatt til orientering. |
| | Konkrete innspel til planarbeidet; plankart og føresegner | Konkrete innspel til planarbeidet på følgjande tema:<br>• Områder som ressurs for heile krinsen<br>• Parkering, toalett og tilrettelagte områder for alle<br>• Ballplass, sandvolleyball m.m.<br>• Småbåtham<br>• Fråfall av krav til reguleringsplan for mindre bustadfelt og spreidd bustad. | Er med i vurderinga av innkomne innspel. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **15** | **Rissundet velforening (22/67203)**<br>**Lenke:** Innspill til komuneplanen sin arealdel og planprogram (sing.no) | | |
| | Samarbeidsavtaler med velforeninger | Innspel på at kommunen må etablere samarbeidsavtaler med velforeninger som representerar bustadområder, om drift og vedlikehald av leikeplassar, nærmiljøanlegg m.m. | Tatt til orientering. |
| | Friområder i regulerte bustadfelt | Slike områder må kunne opparbeidast med stiar for å gjere dei meir tilgjengelege og nyttige for dei som bur der. Ikkje eigna for velforeningar med kostbare søknader og usikkerheit knytt til handsaming. | Tatt til orientering. |
| **16** | **Vikanes Romarheim bygdelag (jp. 22/69388)**<br>**Lenke :** Uttale til planprogram for arealdelen (sing.no) | | |
| | Bygdeutvikling | Planprogrammet legg opp til uakseptabel sentralisering, og hindra bygdene å utvikle seg. Til dømes i kap. 4. under «prinsipp for utvikling av sentra». Programmet må endrast. | Ikkje tatt til følgje.<br><br>Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Bustadbygging | Det må vere høve til spreidd bustadbygging i kommunen, også i framtida. Spreidd bustadbygging er miljøvenleg, og må stimulerast. | Tatt til orientering.<br><br>Er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Omsorgsbustader og utleigebustader | Omsorgsbustad på Romarheim og Ostereidet, og nye bustader i nærleik av butikk og servicesenter. Generelt etterlyse bustader med fleire eininga til utleige eller eigarseksjonar. | Tatt til orientering. |
| | Næringsutvikling | Ønskjer solide ordningar for næringsutvikling i Indrefjorden, til dømes midlar for bygdeutvikling og frå innovasjon Noreg. Konkret arealinnspel til etablering av næringsområde i Romarheimskrysset/Eikhovden. Bygda treng eit levande museum som kan visa frem naturalhushald og gamal kunnskap. | Tatt til orientering. |
| | Tryggleik | Arealinnspel veglys for økt trafikktryggleik i Indrefjorden. | Tatt til orientering. |
| | Reguleringsplanar | Innspel til føresegn, krav om reguleringsplan stoppar gode prosjekter. | Tatt til orientering. |
| | Tenesteyting | Tenestefunksjonar blir sentraliserte og forsvinn frå bygdene. Etterlys tilbakeføring av helsestasjon til Ostereidet. | Tatt til orientering. |
| | Møteplassar | Konkret arealinnspel for utvikling av badestrand i Einevikja.<br>Sterkt ønskje om fleire leikeplassar i området, det må setjast av meir midlar og areal til dette. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Naust og fritidsbustader | Konkret innspel til naustområde og tilrettelegging av fritidsbustader. | Tatt til orientering. |
| | Demokratiet skal virke | Innbyggjarane oppfattar politikarane som meir positive til utvikling i bygda vår enn administrasjonen sitt framlegg til planprogram. Viser til at kommunestyret har vedtaksmynde og planprogrammet legg for stor vekt på statlege føringar, fylkeskommunale planar og truslar om motsegn. | Tatt til orientering. |

## Privatpersonar og bedrifter

| | Tema | Om innspelet | Merknad/oppfølging |
|---|---|---|---|
| **1.** | **Advokatfirma Kyrre ANS (jp. 22/69555)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Innspel om å endra arealføremål frå LNF - føremål til område for bebyggelse og anlegg med underformål bustad eller næring. Foreslår å endra planprogrammet slik at det er mogleg å gje innspel innanfor KDP KAA. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **2.** | **Angelfoss, Karin H. (jp. 22/64007)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1042910 (sing.no) | | |
| | Gang- og sykkelvegar | Bygge gang- og sykkelvegar, særleg i områder med spreidd busetting. Vil vere eit løft for mange grender. Bør kople etablering av gang- og sykkelvegar til arbeid med legging av nettkablar. | Tatt til orientering. |
| **3.** | **Arctec As (jp. 22/69496)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Foreslår å endra planprogrammet slik at det er mogleg å gje innspel innanfor KDP KAA. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **4.** | **Birkeland, Gry Kjersti (jp. 22/69119)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044557 (sing.no) | | |
| | Seniorbustader | Ønskjer at det vert sett av områder til seniorbustader i tilknyting til tettstadar i kommunen. | Er tema i planarbeidet. |
| **5.** | **Blommedal, Monica (jp. 22/66380)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043438 (sing.no) | | |
| | Kystlinja på Radøy og i heile Alver | Trist at den ikkje vert utnytta betre og at innbyggjarane ikkje har meir råderett til å bygga ut, ta i bruk og sjå havet. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **6.** | **Bruket, Trude (jp. 22/69113)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044614 (sing.no) | | |
| | Innspel på kvalitetar i utvikling av Alvermarka og Knarvik | - Sykkelvegar som er trygge.<br>- Utbetring av gangstiar og snarvegar med lys. (Alvermarka, ny skuleveg for alle som kjem frå Isdalstøbakken-sida).<br>- Generelt meir tilrettelegging for gåande og syklande i sentrale strøk.<br>- Ikkje legg industri i tettbygde strøk (Alvermarka).<br>- Legg til rette for at folk lett kan kome ut i naturen.<br>- Lag leikeplassar/felles uterom i område med utbygging. Legg til rette for at folk i nabolag kan møtast.<br>- Gjer Knarvik triveleg for folk, ikkje bilar.<br>- Kulturhus og symjebasseng. | Tatt til orientering. |
| **7.** | **Bruvik, Trine (jp. 22/66395)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043498 (sing.no) | | |
| | Vegutbygging Fløksand-Rossland | Tilstrøyming av nye born vert stoppa av byggestopp grunna vegprosjekt som kjem alt for seint i gang. Ha skule og barnehage med ledig kapasitet. Få i gang veg og igangsetting av bygging på nordre del av øya. Byggelandet ligg godkjent og klart for bygging når vegen kjem. | Gjennomføring av vegprosjekt er ikkje ein del av kommuneplanen sin arealdel. |
| **8.** | **Bye, Siri (jp. 22/71116)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044947 (sing.no) | | |
| | | Saknar eit kollektivtilbod på nordre del av Holsnøy. Ikkje mogleg å kome seg heim på kveldstid. Ønsker og moglegheit for at ein kan få bygge bustader nord for Eldsfjellet. Vi som bur langt unna butikk skulle ønskje at det var butikk på nærsenteret Vikebø. Der burde det og være arenaer som fristar aktivitet, til dømes leikeplassar. | Tatt til orientering. |
| **9.** | **Dolmen, Hans Kristian (jp. 22/67727)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Foreslår å endra planprogrammet slik at det er mogleg å gje innspel innanfor KDP KAA. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **10.** | **Dragøy, Roy (jp. 22/68620)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1044028 (sing.no) | | |
| | Heile kommunen i bruk | Spre utbygging over hele kommunen. Legge vekk sentraliseringen. Legg til rette for at det er mulighet og tenke annerledes. Styrk gjerne dei store kommune sentra Lindås, Manger, Meland og Knarvik. Alle skal ikkje bu sentralt. | Tatt til orientering. |
| | Pleiehjem | Det må gjerast grep slik at dei eldre, som kanskje må på pleieheim får tilbod i nærområde og ikkje sendast over til ein annan plass i kommunen som dei ikkje har forhold til. | Areal for offentleg tenesteyting er eit tema i planarbeidet. |
| **11.** | **Fammestad, Åse G. (Jp. 22/68613)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Sakshandsaming | Behov for raskere sakshandsaming i kommunen, og at folk i større grad får positive svar. Innbyggjarar og næringsliv kan ha mange gode ideer og planer som godt bør kunne realiserast. Små bygdesamfunn bør få positiv behandling for å utvikle seg opp og fram. | Tatt til orientering. |
| | Utbyggingsområder | La folk få tilgang til ønska areal for å bygge sine bustader i områder dei sjøl ønskjer. | Tatt til orientering. |
| | Eldrebølgen | Gi muligheter for bygging av flere leiligheter i et kompleks der mange eldre kan ha sosial hygge og nytte sammen med andre i lignende situasjon. | Er tema i planarbeidet. |
| **12.** | **Fosse, Helge Inge (jp. 22/60345)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | LNF-spreidd bustad på gbnr. 145/18 Indre Fosse i Alversund. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **13.** | **Granbakk, Iselin (jp. 22/69673)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044779 (sing.no) | | |
| | Rossland/Vikebø | Betre veg til Rossland og meir utbygging i området, møteplassar, asfaltert sykkelbane og butikk på Rossland. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **14.** | **Grindheim, Frank Ståle (jp. 22/68604)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043970 (sing.no) | | |
| | Gbnr. 433/11 | Fylkesvegen på Hella Indre er smal og manglar gang-/sykkelveg og veglys. Leggja til rette for fleire hus på garden eller skilja frå der det er formålstenleg for å plass økonomiske rammer for ei ny drift / investering. Ønskjer at sakshandsamarar i endå større grad kan gje faglige råd i forkant av søkjeprosessar. | Tatt til orientering. |
| **15.** | **Haugland, Henning – fellesforslag frå innbyggjarane (jp. 22/69475)**<br>**Lenke:** INNSPEL TIL KOMMUNEDELPLAN BØ (sing.no) | | |
| | Bø | Ei rekkje innspel som gjeld utvikling av i Bø og sentrumsutvikling i Bøvågen. | Er med i vurderinga av innkomne innspel. |
| | Medverknad | Kommunens vidare arbeid med planen har vi eit ønskje om at kommunen innvolverar grunneigarar, utviklarar, ungdommar, lag og organisasjonar. | Tatt til orientering. |
| **16.** | **Hvidsten, Jens-Petter (jp. 22/71667)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Medverknad | Innspel til at lokale innbyggjarar kan bidra i planarbeidet og lykke til med planarbeidet! | Tatt til orientering |
| **17.** | **Kvale, Karsten (jp. 22/69405)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Ønskjer å etablera ein serveringsstad på Knarvik kai og leggje til rette for ei gradvis utvikling av området | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **18.** | **Kvamme, Arne Magnar (jp. 22/70996)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Landbruk | Alver kommune har ei berekraftig arealdisponering. Omsynet til eksisterande og potensielt landbruksareal for matproduksjon er tydeleg, uansett om det er fulldyrka slåttemark, innmarksbeite eller utmarksbeite. Stiller konkrete spørsmål/tar opp tema som bør handterast i planarbeidet:<br>• Driveplikt<br>• Korleis ivareta landbruksareal til matproduksjon og auka sjølvforsyning? | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | • Korleis sikre driftsforholda på små bruk?<br>• Fraksjonering av jordbruksareal<br>• Trong for lokalt beite-areal<br>• Vilkåra for matproduksjon og generasjonsskifte | |
| **19.** | **Hannisdal, Anne Grethe (jp. 22/66673)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Ønskjer ny veg og utvikling av Rossland | Vi føler oss ofte glemt i de kommunale planene som til tider blir lagt fram. Vi må få veien på plass fortest mulig så de unge kan få etablere seg i det lokallaget de er vokst opp i. Alle må ikke bo i Knarvik og Frekhaug. | Tatt til orientering. |
| **20.** | **Husebø, Trond-Ole (jp. 22/70906)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044806 (sing.no) | | |
| | Ønskjer ny veg til Rossland på Holsnøy | Ny veg er grunnlaget for framtidig utvikling og vekst i området | Tatt til orientering. |
| **21.** | **Høyvik, Liv (jp. 22/68694)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Tur/skog i gangavstand | Ta vare på tur- og naturområde i nærleiken av der folk bur, slik at dei er tilgjengeleg utan bil. | Tatt til orientering. |
| **22.** | **Haugen, Susanne Haukenes (jp. 22/66376)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043409 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Ønsker en fellesmøteplass for barn, voksne og eldre på lekeplassen i Stallane. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **23.** | **Haugland, Aina Isdal (jp. 22/59728)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1041448 (sing.no) | | |
| | Lys og bevaring av mørket | I samanheng med naturmangfald og folkehelse bør det sjåast på lys og bevaring av mørket. Det er stor grad av lysforureining i heile kommunen som har negative konsekvensar for naturmangfald og søvn. | Tatt til orientering. |
| **24.** | **Holmetun, Per Kristian (Jp. 22/71223)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045237 (sing.no) | | |
| | Jord og stein deponi | I samanheng med KPA skal områder for deponi vurderast. Deponiområdar må vurderast i samanheng med minst mogleg negativ påverking på menneskje og miljø. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **25.** | **Iden, Leif Arnold (jp. 22/69671)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044759 (sing.no) | | |
| | Veg | Veg Fløksand/Vikebø må kome i gang. | Gjennomføring av vegprosjekt er ikkje ein del av kommuneplanen sin arealdel. |
| **26.** | **Invest i Bergen ved Vidar Totland (jp. 22/68507)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Næringsområde | Viktig å sikre arealreserven i Mongstadområdet og gjerne sørge for ferdigregulering av areala. Prinsipp om å utvide eksisterande næringsområde framfor å opne for nye områder bør ikkje innebere eit absolutt forbod mot å opne opp for nye, mogleg viktige etableringar. | Tatt til orientering. |
| | Infrastruktur | Planprogrammet er veldig overordna på infrastruktur. Problemstilling tilknytt elkraft i nettet må forankrast i styringsdokumenta. | Tatt til orientering. |
| **27.** | **Karstensen, Mona (jp. 22/66389)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043461 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Bobilparkering og tømmestasjon på Knarvik kai. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **28.** | **Kvamme, Bjarne Gunnar (jp 22/61617)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Planprogrammet, kap. 5 må endrast. Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen må takast ut av lista over områder det ikkje vert opna opp for å gje innspel på. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **29.** | **Lavik, Stian (jp. 22/68636)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1044153 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Etterlysa meir areal for små bustader i områda rundt Knarvik og Frekhaug. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **30.** | **Lygren, Ole Mathias (jp. 22/71473)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Framdrift | Ambisiøs framdriftsplan kan resultere i lite god og utydeleg planprosess opp mot innbyggjar. | Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Parallell høyring av planprogram og innspelsperiode | Meiner at planprogrammet burde fastsettast før det ble invitert til å kome med arealinnspel. Vil kunne gjere den politiske og administrative prosessen tyngre og forsinke planprosessen. Dersom premissa i vedtatt planprogram vert endra, meiner eg at det bør opnast for ny runde med innspel til arealbruk. | Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| | Medverknad | Positivt med SMS og anmoder om ein god og open prosess med grunneigarane i planarbeidet. Moglegheit for medverknad seinare i prosess, helst etter fastsett planprogram | Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| **31.** | **Nilsen, Lena Kristin Bø og Aina Bø Nilsen (jp. 22/68408)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Utnyttingsgrad | Behov for harmonisering av utnyttingsgrad. | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| | Kommunedelplan for Bø | Stort engasjement i det planarbeidet og det kan vere verdt å sjå på desse igjen i dette planarbeidet. Ulike tema som må vurderast; LNF-spreidd bustad, merke eksisterande naust i kartet. | Tatt til orientering. |
| | Framdrift og medverknad | Oppmoding om å ta seg tid, slik at ein får ein god plan for fungerer etter intensjonane, og gjer det enkelt å forhalde seg til for både innbyggjarar, administrasjon og politikarar. Bør avholdast folkemøte/arbeidsmøte der innbyggjarar, administrasjon og politikarar kan samlast. | Tema er kommentert i saksutgreiinga. |
| **32.** | **Nordhordland næringslag (22/68019)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (sing.no) | | |
| | Næringsareal | Støtter prioritering av utviding av eksisterande næringsareal framfor etablering av nye. Viktig å sikre ein god arealreserve for næringsområde, samt realisering av større infrastrukturprosjekt på veg/vatn for å utløyse realisering av nye næringsareal på ein kostnadseffektiv måte. | Tatt til orientering. |
| | Bustadområde | Avgjerande for vår samfunnsutvikling at vi regulerer bustadområde som er attraktive for tilflyttarar og innbyggjarar. Vår oppfatning av regulering av bustadfelt i Alver-sør er ikkje i konflikt med målet om å ta heile kommunen i bruk. Gode tilbod der konkurransekrafta er størst, vil og gje ein positiv effekt på etableringar i mindre befolkningstette delar av kommunen. | Tatt til orientering. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Areal til båthamn, padleplass og naust | Viktig for å utnytte vår konkurransekraft. | Tatt til orientering. |
| | Regionsenteret Knarvik | Oppfattar Knarvikplanen som eit godt verktøy for å utvikle vårt regionsenter. Knarvikplanen understøttar målet om å ta heile kommunen i bruk; utan eit attraktivt regionsenter vil vi ikkje evne å tiltrekke oss innbyggjar. | Tatt til orientering. |
| **33.** | **Opdahl, Gunn (jp. 22/71231)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045133 (sing.no) | | |
| | Estetikk | Innspel om heilskapleg byggeskikk i kommunen og at det bør settast krav til utbyggjarar for korleis bygg skal sjå ut, og innbyggjarane bør få uttale seg om preferansar. | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| | Ulovleg bygging i strandsona | Innspel på konkrete ulovlege tiltak som bør rivast. Viktig at Alver kommune blir like streng på riving av ulovleg bygging i strandsona som andre kommunar, til dømes på Sørlandet. | Tatt til orientering. |
| **34.** | **Opdahl, Tor Helge (jp. 22/71215)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045226 (sing.no) | | |
| | Estetikk | Innspel om heilskapleg byggeskikk i kommunen og at det bør settast krav til utbyggjarar for korleis bygg skal sjå ut, og innbyggjarane bør få uttale seg om preferansar. | Vert vurdert i føresegnsarbeidet. |
| | Forureining | Min erfaring at søppel framleis vert gravd ned eller brent, med tilhøyrande forureining. Kommune må følgje opp slike saker. | Tatt til orientering. |
| | Ulovleg bygging i strandsona | Innspel på konkrete ulovlege tiltak som bør rivast. Viktig at Alver kommune blir like streng på riving av ulovleg bygging i strandsona som andre kommunar, til dømes på Sørlandet. | Tatt til orientering. |
| **35.** | **Reigstad, Rolf (jp. 22/66985)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043674 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Innspel på bustad innanfor KDP KAA. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **36.** | **Skurtveit, Iden Tone (jp. 22/71169)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045121 (sing.no) | | |
| | Veg er viktig for å ta heile kommunen i bruk | Veg Fløksand/Vikebø må på plass snarast for å sikre levande bygder. Treng å oppretthalde eller helst auke folketalet for å behalde barnehage og skule. Må vere mogleg med spreidd bustadbygging, fordi ikkje alle vil bu i felt. | Tatt til orientering. |
| **37.** | **Skutle, Gerd Grov (jp. 22/68601)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043974 (sing.no) | | |
| | Behov for framtidsretta plan | Ønskjer ein framtidsretta plan som tar utgangspunkt i prognosar for folkeauke i Manger krins. | Tatt til orientering. |
| | Barneskule | Arealet på Solendmyra bør setjast av til ny barneskule. | Arealinnspel til planarbeidet. |
| | Trygge og gode vilkår for skuleborna | Viktig med trygge rammer og gode vilkår (fysiske, psykiske og sosiale) for skuletida. Kjem truleg endringar i lovkrav framover, og må ha godt planarbeid for å sikre gode rammar. | Tatt til orientering. |
| **38.** | **Skintveit, Andre Danielsen (jp. 22/66665)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043606 (sing.no) | | |
| | Veistrekning Hjertås – Vikebø<br>Trafikktryggleik | På tide å realisere vegstrekning mellom Hjertås-Vikebø. At alt skal sentraliserast er heilt feil måte å gjere ting på. Har eit fantastisk tilbod her ute, med skule, barnehage og idrettslag. | Tatt til orientering. |
| | Veglys | Veglys i Åsebøvegen | Tatt til orientering. |
| **39.** | **Peder J. (jp. 22/68944)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1044244 (sing.no) | | |
| | Bustadutvikling Lindås | Mangel på tilgjengelege bustadtomtar på Lindås. Bygg meir på Lindås og dei andre lokalsentera, men sats på områder som kan byggast ut (jamfør rekkeføljekrav og krav om områdeplan). God miljøpolitikk å satse på Lindås. | Tatt til orientering. |
| | Innspel til planarbeidet | Konkrete innspel som tas med i vurdering av innspel til planarbeidet. | Tatt til orientering. |
| **40.** | **Solemdal, Tom (jp. 22/66404)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043410 (sing.no) | | |
| | Høge prisar på straum og fossile brensel | Før dere gjøre noe meir må dere bidra til å få ned prisar på straum, diesel og bensin. | Tatt til orientering. |
| **41.** | **Tonning, Sigrun (jp.22/66400)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043507 (sing.no) | | |
| | Bustader for personar 60+. | Opptatt av at kommunen skal ha ein plan for bygging av bustader for personar 60+. Både eige og leige, og at prisnivå er rimeleg. | Er tema i planprogrammet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **42.** | **Villanger, Annika Tvedt (22/67482)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 2) - ALV0039-1043743 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Innspel på bustad ved Alversund skule. Ønsker at det skal opnast for innspel i KDP KAA | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **43.** | **Øksnes, Kari Gerd (jp. 22/70603)**<br>**Lenke:** wfdocument.ashx (sing.no) | | |
| | Fortau, fotgjengarovergangar og gelender | Ønskjer fortau slik at vi kan gå trygt. Må måkes for snø. Ønskjer fleire fotgjengarovergangar. Ønskjer og runde gelender som det er godt å halde i. Viktig for dei som har fysiske utfordringar. Ønskjer betre skilting, for det er for mykje stygg køyring i bustadfelt. | Tatt til orientering. |
| | Bustadbygging i Knarvik | Ønskjer ikkje at det blir bygd fleire hus i Knarvik. Vi trenger å ha pusterom. | Tatt til orientering. |
| **44.** | **Aase, Madeleine Fonnes (jp. 22/71222 og 22/71237)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045232 (sing.no) og Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045225 (sing.no) | | |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Ber om at det vert opna for innspel innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen. Grunngjevinga er at dette er ein plan for er nyleg vedteken. Det gjeld også for samtlege kommunedelplanar i tidlegare Radøy, Meland og Lindås. Uforholdsmessig lenge å vente på neste kommuneplan. Kjem med konkret innspel til bustad. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga. |
| **45.** | **Aase, Thorbjørn Nærdal (jp. 22/71166)**<br>**Lenke:** Innspel til kommuneplanen sin arealdel (v. 4) - ALV0039-1045118 (sing.no) | | |
| | Grøntområder | Innspel på at det er særleg viktig at det vert avsett tilstrekkeleg med grøntområder i rullering av kommuneplanen og at desse vert tilrettelagt for funksjonshemma, eldre, barn og ungdom. Innspel på konkrete områder som må takast vare på. | Er tema i planarbeidet. |
| | Skuleutbygging og kyrke | Konkrete innspel på lokalisering av skule og kyrkje | Arealinnspel til planarbeidet. |
| | Innspel innanfor kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen | Brekkeløypa i Knarvik må bevarast som LNF område. | Innspel på areal innanfor kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er kommentert i saksutgreiinga |

# Råd og utval i Alver kommune

| | Tema | Om innspelet | Merknad/oppfølging |
|---|---|---|---|
| **1.** | **Formannskapet** | | |
| | Uttale 8. sep. 2022 | Kommunedirektøren sitt framlegg med følgjande tillegg:<br>Under Nærmiljø grønstruktur og friluftsliv:<br>Rasteplassar og Parkeringsplassar og serviceanlegg (tømmingsanlegg bubil) | Tatt til følgje.<br><br>Er lagt inn tilråding til endring i saksutgreiinga. |
| **2.** | **Eldrerådet** | | |
| | Uttale 5. sep. 2022 | Eldrerådet sluttar seg til planprogrammet. Eldrerådet er oppteken av at prinsippet om å "ta heile kommunen i bruk" vert følgd opp i praksis. Rådet vil understreka at planen må ha fokus på å byggja eit aldersvenleg og heilskapleg samfunn, og at arealdelen må leggast til rette for alle aldersgrupper i Alver-samfunnet. | Tatt til orientering. |
| **3.** | **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** | | |
| | Uttale 5. sep. 2022 | RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimsplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader. | Tatt til orientering. |
| **4.** | **Ungdomsrådet** | | |
| | Uttale 5. sep. 2022 | Tatt til orientering – ingen merknadar. | Tatt til orientering. |
| **5.** | **Utval for helse og omsorg** | | |
| | Uttale | Utval for helse og omsorg støttar Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sin uttale i saka 05.09.2022.<br><br>HO ber administrasjonen sikra at det offentlege har reserveareal for | Innspela vert vurdert i planarbeidet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | utvikling av offentleg tenesteyting i forhold til vedtatt senterstruktur, dette gjeld utviding eller behov for areal til ny bygningsmasse for formålet.<br><br>HO ber administrasjonen sikre at det blir sett av areal til sosiale møteplassar både på organiserte og uorganiserte stader.<br><br>HO ber administrasjonen ta inn som kriterier i planen dei vedtaka i bustadsosial handlingsplan som krev arealavsetning for å kunne realiserast. Sekundært må det avsetjast areal før bustadsosial handlingsplan er vedtatt i Alver kommune.<br><br>HO ber administrasjonen vurdere å innføre krav til 50% universal utforming og krav til «livsløpstandard» i areal avsett til bustader. | |
| **6.** | **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur** | | |
| | Uttale 6. sep. 2022 | OKK vedtok å senda planen ut på høyring og har ingen merknader. | Tatt til orientering. |
| **7.** | **Utval for næringsutvikling og drift** | | |
| | Uttale 7. sep. 2022 | Utval for næringsutvikling og drift vil koma med følgjande innspel til planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel:<br>1. Utnyttingsgrad av eksisterande næringsområde skal kunna vera opp til 80% BYA.<br>2. Ein bør vurdera å utvida næringsområdet på Mjåtveit.<br>3. Leggja til rette areal for mindre einebustader og tomannsbustader i sentrumsnære strok, for skapa attraktive område for tilflytting og vekst. | Innspela vert vurdert i planarbeidet. |